

Fra: Leif Ove Mikkelsen[]
Sendt: 21.09.2023 11:10:00
Til: Ingvild Sjo[ingvild.sjo@amedia.no]
Tittel: SV: Møteplassen Aksen

Hei!

Først av alt, Kvinnherad kommune bygger ikkje ned tilboda innan psykisk helse.

Våren 2023 gjorde Kvinnherad kommune ei kartlegging av lokala ein har tilgjengelege i Husnes-området, då det var behov for større lokale til Vaksenopplæringa grunna auka tal flyktningar frå krigen i Ukraina. Sentralt i kartlegginga stod om vi hadde tilstrekkeleg plass til å yta gode tenester og ta vare på arbeidsmiljøet til dei tilsette. Flyktningar er ei sårbar gruppe og det er mange omsyn som skal takast. Lokala til møteplassen på Aksen vart då flytta mellombels til nabolokala som er litt mindre. Møteplassen får nyoppussa lokale som skal vera godt tenlege, like sentral plassert i Husnes sentrum som tidlegare - noko som har vore viktig for brukargruppa.

Det er alltid ynskjeleg at dei som vert råka av ei endring vert teke med på råd så tidleg som mogleg i prosessen. Då endra lokalisering for Møteplassen Aksen var ein direkte og naudsynt konsekvens av at Vaksenopplæringa tok over dei eksisterande lokala, og det ikkje var andre alternative lokale tilgjengeleg, var det heller ikkje mogleg å påverka utfallet av plasseringa direkte. Når denne saka var oppe til vurdering i overgangen juni/juli var det dårleg tid for å få lokala tilpassa og klare til skulestart for vaksenopplæringa, samstundes som dei nye lokala til Møteplassen Aksen skulle rehabiliterast i løpet av sommaren. Såleis ser kommunen at det ikkje har vore reel brukarmedverknad i denne saka. Brukargruppa har samstundes vore halde informert om flyttinga av den ansvarlege eininga så snart som råd, gjennom felles brukarmøte i starten av juli, og igjen rett etter ferien i byrjinga av august. Tilsette og einingsleiar har då vore tilstades for å informera om status og det har vore høve å stille spørsmål.

Møteplassen Aksen har oppe kvar vekedag med to tilsette. Det er mellom anna samarbeid med Frisklivssentralen som har plass i same lokale, samt einingane Rus- og psykiske helsetenester og Aktiv Fritid som no har lokale i overetasjen. Kommunen meiner dette skal vera med å styrke både fagmiljø og tilbod til denne gruppa. Det er noko mindre areal i dei nye lokala, som det er forsøkt utnytta til det beste. Vidare innreiing vil bli gjort i samråd med brukargruppa med omsyn til prioritering av utstyr, inventar, hobbyartiklar osv. I lokala er det kjøkken, langbord til felles lunsj, sofakrok, eige hobbyrom og eit kontor som kan nyttast av brukarane til pc, hobbyarbeid osv. Lokalavisene er hjarteleg velkomne på vitjing for å sjå på lokala sjølve og gjera seg eigne inntrykk. Dette etter avtale med einingsleiar.

Med helsing

Leif Ove Mikkelsen | kommundirektør
Mobil: +47 48 31 92 91

www.kvinnherad.kommune.no |





Tenk miljø før du skriv ut!

Fra: Ingvild Sjo <ingvild.sjo@amedia.no>

Sendt: mandag 18. september 2023 13:05

Til: Leif Ove Mikkelsen <leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no>

Emne: Møteplassen Aksen

Til kommunedirektøren,

Hei, eg jobbar med ei sak om møteplassen Aksen der personar med ulike utfordringar møtest til sosial oppbygging i trygge omgjevnader. Håpar du har tid til å svara på nokre spørsmål.

No har det seg slik at fleire av brukarane er veldig skuffa/indignerte over at møteplassen må flytta over i mindre lokale ved sida av, og dei føler tilbodet deira av den grunn blir mykje dårlegare. Dei meiner dei ikkje er høyrde i saka, og er utan brukarmedverknad.

Kan kommunedirektøren forklara kvifor møteplassen får mindre lokale?

Kvifor har ikkje denne brukargruppa fått vera med på råd, etter mange år i lokalet?

Dei fryktar for at tilbodet deira skal forsvinna etter det som no har skjedd, fordi dei meiner kommunen no byggjer ned tilboda innan psykisk helse. Har dei rett i det?

Mvh Ingvild Sjo
journalist i Kvinnheringen
telefon 40174587